



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Ingelin Garen - 55516345

Vår referanse:
2010/072617-010

Dykkar referanse:
14/276

Vår dato:
30.09.2014

Høyring -Melding om oppstart av planarbeid for delrevisjon av kommuneplan og høyring av framlegg til planprogram.

Vi syner til brev frå Radøy kommune dagsett 13.06.2014 med frist for uttale 01.10.2014. I brevet vert det varsla om oppstart av planarbeid for delrevisjon av ny kommuneplan for Radøy. Samstundes er framlegg til planprogram sendt ut på høyring.

Kommuneplanen er kommunens overordna plan og inneheld ein samfunnsdel og ein arealdel. Planprogrammet skal mellom anna gjere greie for føremålet med planarbeidet, sei noko om kva tema som skal handsamast og sikre ein forutsjåande og effektiv planprosess.

Plankrav

Det vert i framlegget til planprogram opplyst at det i denne revisjonen ikkje blir opna opp for å leggje inn nye byggjeområde i kommuneplanen. Medan gjeldane kommuneplan sett plankrav i alle nye byggjeområde vil kommunen gjennom delrevisjonen av kommuneplanen gå igjennom alle områda med plankrav og vurdere desse på ny. Eventuelle endringar i plankartet skal gjerast ved at omssynsone med plankrav vert tekne ut.

Statens vegvesen er i utgangspunktet av den oppfatning at nye byggjeområder må være undergitt eit plankrav. Dersom det skal opnast for unntak frå plankravet for byggjeområder, bør dette avgrensast til å gjelde mindre utbyggingstiltak og bustadbygging på resttomter i allereie bebygde områder. Det må setjast eit tak på talet på kor mange bustadeiningar som kan etablerast på slike resttomter. Ein føresetnad må være at det for det aktuelle området er dokumentert at tilhøvet til mellom anna infrastruktur allereie er ivareteke. I tillegg bør det vere avklart at støy ikkje er ei aktuell problemstilling. (Vi viser for øvrig til PBL § 11-10 nr.1 og § 11-9 nr. 5.)

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Område for spreidd busetnad, LNF-SB

Det er noko uklårt for Statens vegvesen kva Radøy kommune har meint i sin omtale av arealkategorien LNF-område med spreidd heilårsbustad. I framlegget til planprogram er det mellom anna sagt at kommunen tenkjer å legge inn større samanhengande soner med denne nemninga i kommuneplankartet.

Statens vegvesen rår til at Radøy kommune vurderer den løysinga Meland kommune har vald i framlegg til ny kommuneplan, med å skilje mellom LNF for ny utbygging og LNF for eksisterande spreidd utbygging. I sistnemnde område er det ikkje er opna for nye bustadeiningar eller bruksendringar, men det kan gjerast tiltak som oppføring av garasje, tilbygg og liknande.

Når det gjeld arealformålet LNF-spreidd for ny utbygging, bør dette ikkje tillatast der det ikkje er sikker skuleveg. Det er også viktig at denne arealkategorien bare vert nytta for reell spreidd utbygging. Dersom kommunen ynskjer å avgrense eit område der ein ynskjer å leggje til rette for større utbygging i eit område prega av landbruk må dette i plankartet visast som formål nr. 1 «*områder for bebyggelse og anlegg*» jfr. PBL § 11-7.

Plan for trafikksikring


Vi vil peike på at kommunane sine trafikksikringsplanar er viktige dokument i tilknytning til kommuneplanen. Prioritering av gang- og sykkelveggar i trafikksikringsplanen, som er samordna med ei framstilling i kommuneplanen, vil vere eit godt grunnlag når fylket skal prioritere trafikksikringstiltak og bygging av gang- og sykkelveggar i kommunen.

Kollektiv

Statens vegvesen legg til grunn at Hordaland fylkeskommune uttaler seg om dette temaet. På eit generelt grunnlag ser vi det som viktig at ein gjennom kommuneplanen legg til rette for utvikling av eit kollektivsystem og utbygging av tiltak for mjuke trafikantar som kan føre til ein reduksjon av biltrafikken og ein overgang til kollektiv, sykkel og gange.

Utover dette har vi ikkje vesentlege merknader til planprogrammet og ser fram til å delta i arbeidet med delrevisjon av kommuneplanen for Radøy.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing


Sindre Lillebø
Seksjonsleiar


Ingelin Garen

Kopi: Hordaland Fylkeskommune